



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Mandag 18.05.2020

Klokka 10.00-15.00 MRK tida !

Stad: Heradsstyresalen, Kinsarvik

Møteplan 2020 for Hardangerrådet, godkjent 24.10.2019 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

10.00 - 11.30 Sakshandsaming

11.30 - 12.30 Lunsj

12.30 - 15.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

- HR-sak 07/20 Saker innmeldte ved starten av møtet.
Vert tatt opp under sak 14/20.
- HR-sak 08/20 Meldingar
- HR-sak 09/20 Norsk Hydrogensymposium 2020 - Søknad om støtte
- HR-sak 10/20 Næringshagesamarbeid - Søknad om støtte
- HR-sak 11/20 Ny tingrettstruktur
Uttale frå Hardangerrådet
- HR-sak 12/20 Hardangerrådet frå 2021
- Medlemskommunar
 - Driftsmodell
 - Strategiplan
- HR-sak 13/20 Orientering om viktige saker i kvar kommune og i Vestland fylkeskommune med særleg vekt på koronapandemien - Orientering ved kvar ordførar
- HR-sak 14/20 Orientering- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 11.05.2020

Torgeir Næss/s
rådsordførar

Jostein Eitrheim
dagleg leiar



Møtedato 18.05.2020	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak **08/20 Meldingar**

Melding 1 Uttale til Hardangerrådet av 17.02.2020, frå Team Hardanger

Melding 2 Brev til programstyret for Hardangerkonferansen av 27.02.2020, frå Hordaland Bondelag

Melding 3 Epost til Hardangerrådet frå Vestland fylkeskommune vedr. deltaking i programstyret for Hardangerkonferansen 2020



Jostein Eitrheim <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

Uttale frå Team Hardanger

1 e-post

Tjosås, Jan <JaTj@kvam.kommune.no>

17. februar 2020 kl. 11:38

Til: Jostein Eitrheim <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

Hei!

Fylgjande uttale til organisering av Hardangerrådet vart vedteken i møte i Team Hardanger 04.02. 2020:

Uttale til Hardangerrådet frå Team Hardanger

Team Hardanger hadde møte 4. februar og drøfta der kva funksjon og rolle denne møteplassen har for næringsutvikling og tilrettelegging for vekst i heile regionen.

Gjennom Team Hardanger har næringsansvarlege i kommunane og næringshagane ein møteplass der ein kan drøfta saker av felles interesse samt informera kvarandre om lokale prosjekt som inspirera og vidareutviklast til samarbeidsprosjekt for heile regionen.

Hardangerrådet si rolle som sekretariat for Team Hardanger er avgjerande for at arbeidet i Team Hardanger skal fungera. Team Hardanger vil også påpeika til Hardangerrådet kor viktig regionalt samarbeid er. Ein samlande regional arena styrker dette arbeidet og gjev ei forsterka samla kraft.

Hardangerrådet er sentral i organisering av møteplassar for mange fleire enn ordførarane.

For næringssjefar og næringsansvarlege i Hardangerkommunane er Team Hardanger ein viktig møteplass der ein får nettverk, kan diskutera saker og utvikling i regionen.

Me har dårleg erfaring frå prosjekt der ansvar går på omgang, dei strandar ofte.

Mvh

Jan Tjosås

Leiar Team Hardanger

Telefon: 56 55 30 27 – 920 18 912

Epost: jan.tjosaas@kvam.kommune.noKVAM – www.kvam.no

Tenk på miljøet, det er ikkje sikkert du treng å skrive ut denne meldinga.

HORDALAND BONDELAG

Hardangerrådet
Postboks 78
5782 Kinsarvik
Norge

Vår sakshandsamar
Maria Makloufi Skjold

Vår dato
27.02.2020
Dykkar dato

Vår referanse
18/00198-13
Dykkar referanse

Programstyret for Hardangerkonferansen

Hordaland Bondelag har deltatt i programstyret for Hardangerkonferansen i fleire år. Det har vore eit nyttig og viktig verv. Fylkesstyret har gått gjennom ulike verv og utval og har vedtatt at vi ikkje vil delta i programstyret i år. Vi vil støtte konferansen økonomisk i 2020, på same måte som tidlegare år.

Neste år vert vi truleg Vestland Bondelag. Det nye fylkeslaget vil vurdere all støtte og deltaking i utval på nytt. Vi ber difor om at ein eventuell søknad om støtte for 2021 kjem i god tid før konferansen.

Vi vil takke for godt samarbeid og ønskje lykke til med konferansen i 2020.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Maria Makloufi Skjold

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Kokstadflaten 36 5257 KOKSTAD Hordaland Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Besøksadresse: Landbrukstunet, andre etasje 5257 KOKSTAD Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Tlf: 55 91 88 80 Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto: 8101.05. 91392	E-post: hordaland@bondelaget.no Internett: www.bondelaget.no/hordaland
--	---	---	---



Jostein Eitrheim <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

Programkomitéen for Hardangerkonferansen og fylkeskommunen

1 e-post

Heidi Bjonnes Larsen <Heidi.Bjonnes.Larsen@vlfk.no>

10. mars 2020 kl. 09:37

Til: "jostein.eitrheim@hardangerraadet.no" <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>, "trude.rinaldo@hardangerraadet.no" <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

Kopi: Bård Sandal <Bard.Sandal@vlfk.no>, Endre Høgalmen <Endre.Hogalmen@vlfk.no>


Hei Jostein og Trude,

Takk for møteinnkallingar til programkomitéen for Hardangerkonferansen. I år kan fylkeskommunen dessverre ikkje vere med i programkomitéen. Det er mykje som skal på plass nå med nytt fylke og det er knapt med tid. Det nye Vestland er stort og har mange regionar, så vi må tenkje gjennom korleis vi vidare skal forhalda oss til programkomitear til regionvise konferansar. Vi snakkast.


Venleg helsing

Heidi Bjonnes Larsen
Seniorrådgjevar

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling



Mob: 996 13 868
www.vlfk.no



Møtedato 18.05.2020

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 09/20

Norsk Hydrogensymposium 2020 - Søknad om støtte

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Søknad om støtte til Norsk Hydrogensymposium 2020

Vedlegg 2: Søknadsgrunnlag

Vedlegg 3: Budsjett

Saksutgreiing:

Norsk Hydrogensymposium set Hardanger i sentrum for Vestlandet si hydrogensatsing. Hardangerregionen med Voss har store mengder overskuddskraft og kan få ei sentral rolle som ein hydrogenproduserande region. Spesielt fordi det også finst eit reelt behov for hydrogen i regionen.

Arrangementet er eit breitt samarbeid mellom næring, fagmiljø og det offentlege.

Dei serverar også kortreist lokal mat og drikke, der Hardangersmak og lokale siderprodusentar er med og fortel om produkta.

Tema for Norsk Hydrogensymposium 2020 er:

Hardanger – i sentrum for Vestlandets hydrogensatsing, med søkelys på tema som regionen er spesielt opptekne av relatert til hydrogen, som :

- hydrogen i industrien
- rammebetingelsar og verktøy frå myndigheitene si side.
- infrastruktur - frakt og lagring av hydrogen,.

Norsk Hydrogensymposium 2020 vert arrangert 28. og 29. april i Tyssedal.

Arrangøren søker Hardangerrådet om støtte på kr 50.000 til arrangementet Norsk Hydrogensymposium 2020.

Viser elles til vedlegg.

Saksvurdering:

Norsk Hydrogensymposium er ei offensiv og framoverlent satsing som gjev godt omdøme for heile regionen, og er eit utstillingsvindu for Hardanger til folk frå inn- og utland på mange måtar. Samfunnet sitt fokus på miljø og berekraft gjer Norsk Hydrogensymposium 2020 dagsaktuell og til ein viktig møteplass i og for Hardanger.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet løyver kr 50.000 i støtte til Norsk Hydrogensymposium 2020.

Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".

Hydrogensymposiet 2020

Tid: 28. – 29. april

Sted: Kraftstasjonen i Tyssedal

Vi søker herved Hardangerrådet om støtte til arrangementet.

Søknadssum: kr. 50.000, -.

Vi viser til vedlagt bakgrunnsinformasjon og søker herved om støtte til å arrangere Hydrogensymposiet 2020. Symposiet arrangeres for 3 gang og er blitt et viktig årlig arrangement for Hardanger.

I tillegg til å sette søkelys på alle aspekter ved hydrogen som energikilde har symposiet stort søkelys på å presentere alt det flotte vi har i Hardanger. Det er også en viktig sosial møteplass mellom privat og offentlig sektor, samt mellom lokalt, regionalt, sentralt og internasjonalt næringsliv.

Vi presenterer og serverer lokal kultur, lokal mat og drikke, og forteller historiene bak de ulike produktene.

Som bidragsyter til arrangementet vil dere ha muligheten til å ha stand og informasjon tilgjengelig under symposiet, i tillegg til at dere vil bli markedsført som støttespiller/medarrangør av symposiet.

Vi håper dere ønsker å støtte arrangementet og ser frem til positiv tilbakemelding.

Ta gjerne kontakt om dere trenger ytterligere opplysninger.

Vennlig hilsen
Øyvind Stueland
Daglig leder
Hardanger Industri
91381407

Hydrogensymposiet 28. – 29. april 2020

Hardanger – i sentrum for Vestlandets hydrogensatsing

Hardanger Industri (SMB Hardanger) arrangerte februar 2018 det første Norsk Hydrogensymposium i samarbeid med bl.a. Odda kommune og Greenstat. I tillegg har Hordaland Fylkeskommune, Hardangerrådet og Sparebankstiftinga Hardanger vært med og støttet oss fra starten. Vi ønsker nå å arrangere Hydrogensymposiet i Hardanger (Tyssedal) for 3 år på rad. Arrangementet i 2019 samlet ca. 120 deltakere fra inn- og utland. Arrangementet er nå lagt til april og et blitt ett utstillingsvindu for Hardanger. Ikke bare får vi vist frem vår vakre natur, men vi serverer også lokal mat og drikke fra Hardangersmak og ulike siderleverandører.

Bakgrunn for konferansen

Norge er allerede langt fremme når det gjelder fornybar energi – nærmere 70% av vårt forbruk er basert på vannkraft. Vi har lang erfaring og høy kompetanse innen ulike energikilder, samt utvikling og bruk av ny teknologi.

Ullensvang kommune har etablert Hydrogenvegen AS sammen med Kvinnherad kommune og Notodden kommune. Dette er et prosjekt som vi ble utfordret på allerede under den 1. konferansen og nå er det på plass. Målet til selskapet er å få på plass infrastruktur for fylling av hydrogen i alle de 3 kommunene, samt en flåte med hydrogenbiler. I tillegg ønsker vi å etablere fyllestasjoner slik at det er mulig å kjøre mellom øst og vest på hydrogen.

Dette viser at Ullensvang kommune mener alvor med å få på plass miljøvennlige alternativer på transport.

Hardanger

Hardangerregionen (inkl. Voss) har store mengder overskuddskraft og kan få en sentral rolle som en hydrogenproduserende region. Spesielt fordi det også finnes et reelt behov for hydrogen i regionen: TiZir i Tyssedal er ett av Norges største punktutslipp av CO₂ og kan redusere 90% av utslippene sine ved å benytte hydrogen i stedet for kull som innsatsfaktor i produksjonen. Prosjektet med å bytte ut kull med hydrogen har nå fått nytt fokus i bedriften og det jobbes med å få på plass en småskala pilot.

Flere og flere ser på muligheten til å bruke fjordene til transport og turistopplevelser. Fra sommeren 2020 vil det gå en siderbåt på Sørfjorden, og det er ønske om at denne skal gå på grønt drivstoff allerede fra 2021/22. Kvinnherad kommune og SKL jobber med rederiet Rødne i forhold til å drifte båten mellom Rosendal og Bergen på hydrogen. I Åkrafjorden ser de på lokal hydrogenproduksjon til bruk i båten som går med cruiseturister i Åkrafjorden.

Regionen kan selv få store utslippsreduksjoner samtidig som man bygger opp produksjon og kompetanse som kan være med på å utvikle nye næringer. Den lokale prosessindustrien er svært interessert i å bruke sin kompetanse inn mot hydrogen.

Det er flere miljøer som satser hardt på hydrogen, det er ingen grunn til at vi i Hardanger ikke skal være en del av dette.

Tema for 2020

Under Hydrogensymposiet i år ønsker vi å ha et spesielt søkelys på tema som vi i regionen er spesielt opptatt av relatert til hydrogen. Hydrogen i industrien vil få en sentral plass. Vi vil følge opp noen av temaene fra forrige symposium, spesielt med tanke på volum og fordypning i aktuelle prosjekter.

Sentrale politikere vil bli invitert til å snakke om rammebetingelser og virkemidler fra myndighetenes side.

Infrastruktur vil være sentralt på symposiet. Vi er i dialog med firma som spesialiserer seg i frakt og lagring av hydrogen, og LNG-nett angående hvordan eksisterende transportnett kan nyttes til frakt av hydrogen.

Når det gjelder rammebetingelser, er det svenske svaret på ENOVA (INOVA) aktuelle. Det skjer mye spennende i Sverige, spesielt innenfor industri – lignende TiZir-prosjektet. Dette vil det være interessant å høre mer om.

Fjorårets symposium fikk interesse fra flere hold. En delegasjon fra den danske ambassaden kommer for 3. gang til konferansen.

Det er viktig å synliggjøre hva regionen har å by på, både i forhold til kompetanse og som et spennende og godt sted å bo. Arrangement som Norsk Hydrogensymposium er med på å sette oss på kartet for fremtidens industri. Sammen med TiZir og Boliden sine store pågående prosjekt, samt aktivitet i annet næringsliv og reiseliv, har vi stort potensiale som må synliggjøres på alle måter. Norsk Hydrogensymposium er en av de arenaene vi kan få dette til.

At vi i år samarbeider med Kvinnherad kommune gir oss en ekstra dimensjon og de jobber målrettet mot å få til produksjon i sin kommune, og har kommet langt i sin tilnærming.

Inntekter				
	Pris pr stk	Deltakere	Totalt	
Påmeldte konferanse begge dager	2 900,00	70	203 000,00	
Påmeldte konferanse begge dager	2 490,00	30	74 700,00	
Påmeldte dag 1	2 000,00	10	20 000,00	
Påmeldte dag 2	1 500,00	10	15 000,00	
Sparebankstiftinga Hardanger			100 000,00	Ikke bekreftet
Ullensvang kommune			100 000,00	Ikke bekreftet
Hardangerrådet			50 000,00	Ikke bekreftet
Sparebanken Vest			75 000,00	Ikke bekreftet
SKL			30 000,00	Ikke bekreftet
Kvinnherad kommune			50 000,00	Ikke bekreftet
Vestland fylkeskommune			50 000,00	Ikke bekreftet
Tizir			20 000,00	OK
Totalt inntekter			787 700,00	

Utgifter				
Kraftstasjonen			20 000,00	
Lyd og produksjon			100 000,00	
Transport			10 000,00	
Lunch dag 1	250,00	120	30 000,00	
Lunch dag 2	250,00	120	30 000,00	
Middag	800,00	120	96 000,00	
Hardangersmak	100,00	120	12 000,00	
Cidersmaking	100,00	120	12 000,00	
Kaffe, frukt m.m.	100,00	240	24 000,00	
Konfransier			30 000,00	
Underholdning			20 000,00	
Annonsering diverse			20 000,00	
Trykk			20 000,00	
Reiseutgifter og overnatting innledere			45 000,00	
Gaver foredragsholdere	30,00	200	6 000,00	
Arbeid	850,00	300	255 000,00	
Diverse			30 000,00	
Totalt			760 000,00	

Inntekter	787 700,00
Utgifter	760 000,00
Resultat	27 700,00



Møtedato 18.05.2020

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 10/20

Næringshagesamarbeid - Søknad om støtte

Saksvedlegg:

Søknad om støtte

Saksutgreiing:

Hardangerrådet har motteke samla søknad frå dei 3 næringshagane i regionen, Næringshagen i Hardanger, Næringshagen i Odda og Næringshagen på Voss. Dei søkjer om kr 100.000 i støtte.

Søknaden gjeld støtte til eit samarbeidsprosjekt der alle 3 næringshagane samarbeider tett og dreg nytte av kvarandre sin kompetanse og kunnskap, noko som vil koma næringslivet i regionen til nytte.

Målet med prosjektet er gjennom SIVA-programmet å auka talet på målbedrifter knytt opp til næringshagane. Ei målbedrift vert del av eit stort fagnettverk som fungerer som ein profesjonell samtalepartner for bedriftene og dermed kunne stimulera til vekst og utvikling.

Prosjektet har ein avtaleperiode frå 01.01.2020 til 30.06.2021.
Sjå aktiviteter og tidsplan i vedlegg.

Prosjektet har eit totalbudsjett på kr 2.100.000 der 1.500.000 er støtte frå SIVA, 300.000 ekstern lokal støtte og 300.000 eigenandel frå målbedrifter.

Saksvurdering:

Hardangerrådet ser dette samarbeidet som eit særst godt døme på korleis samarbeid og samhandling kan erstatta intern konkurranse.

Næringsverksemdar i Hardanger og Voss vil gjennom dette samarbeidet kunne få tilgang til kompetanse på eit svært breitt område gjennom at dei tre næringshagane sit på ulike fagkompetanse og dermed kan utfylla kvarandre på ein god måte.

Dette prosjektsamarbeidet vil styrkja den faglege oppfølginga til verksemdar i alle kommunane i Hardanger og Voss.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar samarbeidsprosjektet mellom dei 3 næringshagane i Hardanger og Voss med kr 100.000. Løyvinga føreset fullfinansiering av prosjektet. Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".



Til:
Hardangerrådet
v/Jostein Eitrheim

Voss, Hardanger, Odda 28.01.2020

Søknad om støtte på kr 100.000,-

Næringshagane på Voss, i Hardanger og Odda har inngått eit forpliktande og formelt samarbeid for å kunne tilby tenester i næringshageprogrammet til heile Hardanger og Voss. Grunnen til dette er at me ynskjer å leggje til rette for utvikling og vekst i næringslivet i heile regionen, samt dra nytte av kvarandre sin kompetanse og kunnskap. Alle tre næringshagar er aktive ut mot næringslivet, og me vonar dette vil bli eit positivt samarbeid som gir gode ringverknader til mange aktørar og miljø.

Det vart før jul søkt om støtte til samarbeidsprosjektet gjennom SIVA-midler, og dette vart innvilga med kr 1,5 millioner kroner fordelt på dei 3 næringshagane i 2020 og halve 2021. Totalt må me innhente 300.000 kr som eksterne midler, og me vonar difor at Hardangerrådet kan løyve oss kr 100.000. Sjå punktet «Budsjett og finansieringsplan» på side 2.

Kort om SIVA sitt målbedriftprogram

Ved å bli målbedrift gjennom SIVA-programmet, får verksemdene ein profesjonell samtalepartner som har eit stort nettverk og gjerne eit anna perspektiv enn verksemda sjølv. Det er mange små einingar i regionen vår, og for ein dagleg leiar i ei lita verksemd er det gull verdt å ha ein utanforståande som får deg til å setja ord på eigne utfordringar og forbetningsområde. Som målbedrift får ein også tilgang på nettverksmøte og fagseminar til redusert kostnad. Næringshagane sine store nettverk kan skape samarbeid mellom målbedrifter, eller hjelpe til med å nå nye kundegrupper.

Intern forankring og organisering

Næringshagen på Voss, Næringshagen i Hardanger og Næringshagen i Odda har underskrive ein samarbeidsavtale som formaliserer samarbeidet og vidare forretningsplan, sjå vedlegg 1 «Samarbeidsavtale». Næringshagane har oppretta eit samarbeidsråd som består av dei tre daglege leiarane. Leiinga av samarbeidsrådet går på omgang, eit halvt år på kvar.

Aktiviteter og tidsplan

Aktivitetsplan viser korleis budsjettet skal nyttiggjerast. Næringshagene vil også søke ekstern finansiering frå Sparebanken Vest og evt tilhøyrande kommunar.

	4kv 2019	1kv 2020	2kv 2020	3kv 2020	4kv 2020	1kv 2021	2kv 2021
Adm – Endelig formalisering av samarbeidet							
Adm - Utvikling og koordinering av felles tjenestetilbud hos programoperatører							
Adm - Intern kompetanseutvikling							
Adm - Utarbeide felles handlingsplan og årshjul							
Rekruttering – innsalg til bedrifter							
Drift - Gjennomføring felles handlingsplan, målbedriftsavtaler og årshjul							
Evaluering – Løpende videreutvikling							

Budsjett og finansieringsplan

Budsjett	2020		2021	
Art 27 – støtte innovasjonsklynger	400 000		200 000	
Art 28 – innovasjonsstøtte SMB	600 000		300 000	
Totalt SIVA 2020 / 2021		1 000 000		500 000
Egenandel Art 27 (ekstern støtte)	200 000		100 000	
Egenandel bedrifter Art 28	200 000		100 000	
Total egenandel 2020 / 2021		400 000		200 000
Sum prosjekt		1 400 000		700 000

Dersom me er så heldige at de løyver pengar til oss, ber me om utbetaling til Næringshagen på Voss, konto 3530.26.35488.

Til slutt vil me takke for den positive uttalen me fekk frå Team Hardanger i samband med søknaden til SIVA.



Hanne Hedenstad
Dagleg leiarr
Næringshagen på Voss



Sigmund Vereide
Dagleg leiar
Næringshagen i Hardanger



Bente Raaen Widding
Arb.styreleiar
Næringshagen i Odda AS

Vedlegg 1:



Framlegg til samarbeidsavtale for Næringshagane i Odda, Hardanger og på Voss

Avtaleperiode 1.1.2020 – 30.6.2021

Næringshagen i Odda, Næringshagen i Hardanger og Næringshagen på Voss har alle som hovudmål å leggja til rette for utvikling og vekst i næringslivet i regionen. Det er eit ynskje å samordna denne innsatsen, og ikkje minst, dra nytte av kvarandre sin kompetanse og kunnskap. I staden for å konkurrera, ynskjer dei tre næringshagane å koordinera arbeidet i ein periode for å avklara om dette er ein framtidretta modell i regionen Hardanger og Voss.

Oppgåvene vil bli løyst gjennom eit formelt samarbeid mellom dei tre næringshagane. Dei tre selskapa skal bestå med kvar sitt styre og kvar sin administrasjon.

Skisse til innhald i samarbeidet:

Næringshagen på Voss og Næringshagen i Hardanger er programoperatørar for næringshageprogrammet. Samarbeidet legg til rette for ei utviding av dagens næringshageprogram i Voss, Kvam og Eidfjord, til næringslivet i nye Ullensvang kommune, Ulvik og Granvin. Næringslivet vil få det same tilbodet som næringslivet på Voss, Kvam og Eidfjord har gjennom målbedriftsavtale med næringshagen.

Innhald:

Aktuell næringshage vil gjennomføre utviklingssamtale med bedrifta ein gong i året. I samtalen vil, i tillegg til status, planar, behov og mogelegheiter bli kartlagt. Innspela dannar grunnlag for vidare bistand og tilbod frå aktuell næringshage. Dei tre næringshagane har ansvar for målbedrifter i sitt naturlege, geografisk område og avgjer sjølv i samarbeid med dei ulike verksemdene kva kompetanse dei ynskjer å innhente frå dei andre næringshagane i samarbeidet. Verksemdene i Nye Ullensvang skal vera knytt til Næringshagen i Odda. Verksemdene i Vaksdal og Nye Voss Herad skal vera knytt Næringshagen på Voss. Verksemdene i Kvam, Eidfjord og Ulvik skal vera Næringshagen i Hardanger. Kundebehova og kompetansen som dei tre næringshagane har tilgang til, avgjer kven som skal hjelpa kunden dersom «lokal» næringshage ikkje har denne. Samarbeidet legg forholde til rette for etablering av ein kompetansepool, som næringslivet kan få tilgang til.

Dei same seminara, t.d. 5 stk i året, kan bli arrangert både i Odda, Kvam og Voss. Innleiarar blir booka og påmeldingar administrert frå ein stad. Bedriftene får i tillegg tilgang til seminara uavhengig av kvar dei vert levert.

Andre kompetansehevande tiltak:

Frå idé til marknad blir arrangert i Odda, Kvam og Voss. Møtet kan bli organisert og påmeldingar registrert gjennom eit miljø.

Miljøa kan ha felles stand på t.d. jobbmesser o.a.

Miljøa kan ha felles arrangement i tilknytning til festivalar o.l.

Medlemskap:

Basisedlemskap målbedrift

- Årleg forretningssamtale – vekst og samarbeid
- Seminar
- Møteplass
- Fagleg nettverk



- Tilgang til rådgjeving
- Hjelp til etablering
- Marknadsføring på heimeside
- Samlokalisering (i miljøa til dei tre næringshagane)

Rådgjeving:

- Rammeavtale eller tal timar
- Skreddarsy samarbeidsavtale med kvart medlem som regulerer omfang av rådgjeving

Administrasjon

Næringshagane opprettar eit samarbeidsråd beståande av dei tre daglege leiarane.

Leiging av samarbeidsrådet går på omgang. Eit halvt år på kvar. Dagleg leiar for Voss startar, deretter NH i Hardanger og til sist Odda.

Leiar har ansvar for administrering av prosjektet. Det skal førstast protokoll frå møter, og den skal signerast av dei daglege leiarane.

Rapportering av næringshageprogrammet skal den næringshagen som den enkelte verksemd er knytt til stå for.

Dei tre næringshagane vert gjennom denne samarbeidsavtalen likestilt; både økonomisk, samt gjennom tilbod av tenester, kurs, etc.

Økonomi

Aktiviteten vert styrt av tal verksemder med avtale. Odda Næringshage fakturerer sine timar til den næringshagen som den enkelte verksemda er knytt til i næringshageprogrammet. Tilskotet skal elles fordelast etter aktivitet.

Det er viktig at aktivitet er avtala på førehand, og fakturering av timar skal vera i tråd med dette.

Dersom prosjektet ikkje vert finansiert

Dersom prosjektet ikkje vert sett i gang på grunn av manglande finansiering, står Næringshagen i Odda fritt til å tilby dei aktuelle verksemdene i nye Ullensvang kommune konkurrerende program og tenester (uavhengig om dei har inngått intensjonsavtale som målbedrift i SIVA-programmet)

Dersom prosjektet ikkje vert sett i gang på grunn av manglande finansiering, pålegg dei tre næringshagane seg seks månadar karantene i å tilby næringshageprogrammet eller tilsvarande program i dei område som dei andre næringshagane er aktive i dag;




Næringshagen i Hardanger: Eidfjord, Kvam, Ulvik


Næringshagen på Voss: Nye Voss herad og Vaksdal

Næringshagen i Odda: Nye Ullensvang kommune

Evaluering og eventuell vidareføring av samarbeidet

Etter periodeslutt skal prosjektet evaluerast, og dersom konklusjonen er positiv kan arbeidet, og avtalen, vidareførast med ny avtale.

 Rigmor Onarheim Styreleiar Næringshagen på Voss	 Gjermund Stuve Styreleiar Næringshagen i Hardanger	 Bente Raaen Widding Styreleiar Næringshagen i Odda
--	---	---



Møtedato 18.05.2020	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

**HR-sak 11/20 Ny tingrettstruktur
Uttale frå Hardangerrådet**

Saksvedlegg:

- Vedlegg 1 Fellesuttale frå Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland dato 12.03.2019
- Vedlegg 2 Støtteuttale til inngått intensjonsavtale mellom dei tilsette i Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett, dato 23.04.2019

Saksutgreiing:

Hardangerrådet handsama i møte 07.02.2019 fellesuttale til Domstolkommisjonen i samband med at kommisjonen 01.10.2019 skulle leggja fram rapport om framtidig tingrettstruktur i Norge.

02.03.2020 Har Justis- og beredskapsdepartementet sendt på høyring [NOU 2019: 17 Domstolstruktur samt et forslag om endringer i rettskretsene og domstolloven.](#) Denne har høyringsfrist 02.06.2020 og det er ønskjeleg at Hardangerrådet sender uttale.

I kap. 2.1 Endringer i rettskretsene seier departement m.a.:

Regjeringen ønsker å opprettholde en desentralisert domstolstruktur, for å bevare kompetansearbeidsplasser i distriktene og sikre brukerne nærhet til domstolene. Samtidig anser regjeringen det som nødvendig å utvide rettskretsene for å øke fleksibiliteten, bedre ressursutnyttelsen og skape større fagmiljøer i domstolene.

Domstolkommisjonens forslag om å utvide tingrettenes og jordskifterettenes rettskretser er ikke til hinder for å opprettholde flere rettssteder enn kommisjonen anbefaler. Etter departementets syn kan mange av utfordringene kommisjonen peker på imøtekommes ved bare å utvide rettskretsene. Departementet foreslår på denne bakgrunn, som et alternativ til kommisjonens forslag, bare å endre tingrettenes rettskretser, i tråd med flertallet i kommisjonens forslag til rettskretsinndeling. Departementets forslag går dermed ut på å opprettholde alle de bemannede rettsstedene i dagens tingrettsstruktur og styrke domstoltilbudet i distriktene ved at rettssteder som i dag har lav bemanning får tilgang til mer kompetanse og større kapasitet i store og/eller komplekse saker. Forslaget er ikke til hinder for at lokale initiativ om samlokalisering følges opp. Prosessene i Vestfold, Østfold og Romerike har vært forelagt Stortinget etter forutgående høyring, og er derfor ikke en del av denne høringen.

Departementet vil vise til at Riksrevisjonen vurderer det som «svært alvorlig» at ikke flere domstoler når Stortingets mål for saksbehandlingstid i straffesaker. Riksrevisjonen anser det også som «kritikkverdig» at ikke potensialet for å effektivisere tingrettene er utnyttet i større grad, se Riksrevisjonens undersøkelse av saksbehandlingstid og effektivitet i tingrettene og lagmannsrettene, Dokument 3:3 (2019–2020). Undersøkelsen viser at dagens struktur, med

mange små rettskretser, medfører en strukturell ineffektivitet. Det er store variasjoner i saksinngang mellom domstolene, men også i én og samme domstol fra ett år til et annet. Én tingrett kan ha mange saker og lang saksbehandlingstid, mens nabotingretten har få saker og kort saksbehandlingstid. Det er begrensede muligheter til å overføre saker og ressurser mellom domstolene. Riksrevisjonen anbefaler at departementet og Domstoladministrasjonen vurderer tiltak for å øke fleksibiliteten mellom domstolene, også for å kunne håndtere variasjoner i saksinngangen. Departementet vurderer endringer i rettskretsene som et mulig tiltak for å imøtekomme anbefalingen. Etter departementets syn vil endringer i rettskretsene kunne bidra til å jevne ut produktivitetsforskjellene, sørge for en likere saksvekst mellom domstolene, og dermed også likere saksbehandlingstid.

Departementet vil også vise til at Særdomstolsutvalget har anbefalt å samle barnesakene i noen utvalgte tingretter, først og fremst for å bygge opp kompetanse, i miljøer hvor flere har gode kvalifikasjoner innenfor samme fagområde, se NOU 2017: 8 Særdomstoler på nye områder?. Regjeringen ønsker å følge opp utvalgets anbefalinger på dette punktet. Departementet viser til at barnevernssakene og foreldretvistene (barnesakene) utgjør en stor del av de sivile sakene i tingrettene, og vurderer endringer i rettskretsene som et mulig tiltak for å skape større fagmiljøer og styrke behandlingen av barnesaker i domstolene.

En løsning med bare å endre rettskretsene, kan også være aktuelt for jordskifterettene. Departementet gjør likevel oppmerksom på at jordskifterettene gjennomgående er organisert i mindre enheter enn tingrettene.

Saksvurdering:

Hardangerrådet ser den framlagde modellen for samarbeid i ein ny Hardanger og Sunnhordland tingrett som beste løysing for begge regionar. Modellen ivaretek regionale krav og ønskje samt oppfyller krav i mandatet kva gjeld domstolstruktur.

Denne modellen er også støtta av dei tilsette ved tingrettane i Hardanger og Sunnhordland samt av eit fellesskap av advokatar som arbeider i regionane.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet sender slik uttale til Justis- og beredskapsdepartementet:

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Høyring Domstolkommisjonens utredning NOU 2019 - Domstolstruktur - uttale frå Hardangerrådet.

Hardangerrådet er regionråd for herada/kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

25. mars 2019 inngjekk Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett ein intensjonsavtale om samanslåing av domstolane. Ved ei samanslåing som angitt i intensjonsavtalen får domstolane felles rettskrins, hovudkontor med sorenskrivar, tingrettsdommar, dommarfullmektig, adminstrasjonssjef og sakshandsamarar i Sunnhordland, samt rettsstader med tingrettsdommar, dommarfullmektig og sakshandsamarar i Hardanger.

Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland gav 12.03.2019 ein fellesuttale til Domstolkommisjonen der regionråda argumenterte for ei samanslåing av Hardanger og Sunnhordland tingrettar til ein felles tingrett med hovudkontor i Sunnhordland (Stord) og avdelingskontor i Hardanger (Lofthus).

Av NOU 2019:17 er det føreslege at Hardanger tingrett sin rettskrins vert delt i to, der kommunane Kvam, Eidfjord og Ulvik vert ein del av Hordaland tingrett sin rettskrins. Ullensvang og heile Sunnhordland er føreslege lagt under Haugaland tingrett.

Forslaget til Justisdepartementet er at både Hardanger og Sunnhordland tingrettar skal vera berre rettstader og ikkje eigne tingrettar.

Hardangerrådet vil understreka på nytt det vi sa i vår fellesuttale:
Ved å slå saman tingrettane i Hardanger og Sunnhordland til ei eining, vil ein betre enn idag kunne ivareta krava til fagmiljø, ressursutnytting, kompetanse og kvalitet. Ein ny Hardanger og Sunnhordland tingrett vil på ein god og framtidsretta måte kunne gje innbyggjarane tenester på høgt nivå.

Å ha ein tingrett forankra i regionen vil ha verknad også for andre tilknytta funksjonar. T.d. er det sterk samanheng mellom tingrett, påtalejuristar, arrest og privat advokatpraksis.

Spreidd busetnad og store utkantområde er noko som kjenneteiknar landet vårt, slik er det òg i Hardanger og Sunnhordland. Innbyggjarane vil gjerne behalda ein tingrett dei kjenner seg att i. Aktørane i området er nøgde med ein domstol det er enkelt å samarbeida med. Ved å slå saman embete i større einingar, men oppretthalda funksjonar lokalt, kan ein både vera nært folk og utnytta ressursane meir effektivt.

Distriktsdomstolmodellen vil fungera godt for Hardanger og Sunnhordland, slik den til dømes har gjort for Sogn og Fjordane. Samanslåing mellom Hardanger og Sunnhordland tingrett er den beste modellen for organisering i desse regionane.

Kinsarvik, 18. mai 2020

Med venleg helsing
Hardangerrådet

Torgeir Næss
rådsordførar
Hardangerrådet signerer digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar



Hardangerrådet iks



Domstolkommisjonen
v/leiar Sorenskrivar Yngve Svendsen

Ny tingrettstruktur - Uttale frå Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Domstolkommisjonen skal innan 1. oktober 2019 leggja fram rapport vedr. forslag til ny tingrettstruktur i Norge. For regionane Hardanger og Sunnhordland, som begge har sin eigen tingrett idag, er det av stor lokal og regional betydning at denne regionale forankringa av funksjon og aktivitet vert oppretthalden.

Hardanger og Sunnhordland vert begge utkantar i det nye Vestland fylke. I så måte liknar desse regionane mykje på Sogn og Fjordane, der ein med hell har innført ein distriktsmodell for tingretten.

I begge regionane ser ein at ei vidareføring av dagens Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett ikkje er særleg sannsynleg. Til det er einingane for små til å oppfylle dei krav som ein set til effektivisering, krav til kompetanse og kapasitet, m.a. gjennom raskare sakshandsaming og digitalisering i dei framtidige domstolane.

Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland er samde om at ein ny modell for Hardanger og Sunnhordland tingrett med fleire permanente rettstader (avdelingskontor) vil kunne vera ein modell som ivaretek både regionale krav og ønskjer, samstundes som modellen oppfyller krav i mandatet når det gjeld domstolstruktur.

Ny felles tingrett for Hardanger og Sunnhordland vil ha mange sterke kvalitetar: Folketalet som vil høyra til Hardanger og Sunnhordland tingrett vil vera omlag 82.000 (Hardanger 23.000 og Sunnhordland 59.000). Med eit hovudkontor på Stord og avdelingskontor på Lofthus vil avstandane til rettslokale og administrative tenester/funksjonar i praksis vera uendra for innbyggjarane. Å oppretthalda dagens modell for avvikling av straffesaker vil ha ein stor innverknad på ressursbruk for involverte partar ift. deltaking i saker. Om det i framtida skulle verta ein tingrettstruktur med færre og større einingar vil det ha ein negativ effekt for både offentlege og private aktørar i regionen. Ikkje minst i konkurssaker og tvangssaker vil lokalkunnskap og lokal forankring vera viktig både for tingretten og alle som er involverte i sakene. Det vil vera vanskeleg å oppretthalda

juristkompetanse i regionen om tingretten forsvinn, som i neste omgang vera eit trugsmål mot rettstryggleiken for innbyggjarane.

Dei to tingrettane har alt idag mykje til felles, noko som vil vera ein styrkje for ei samanslåing.

Ved å slå saman tingrettane i Hardanger og Sunnhordland til ei eining, vil ein betre enn idag kunne ivarta krava til fagmiljø, ressursutnytting, kompetanse og kvalitet. Ein ny Hardanger og Sunnhordland tingrett vil på ein god og framtidsretta måte kunne gje innbyggjarane tenester på høgt nivå.

Å ha ein tingrett forankra i regionen vil ha verknad også for andre tilknytte funksjonar. T.d. er det sterk samanheng mellom tingrett, påtalejuristar, arrest og privat advokatpraksis.

Spreidd busetnad og store utkantområde er noko som kjenneteiknar landet vårt, slik er det òg i Hardanger og Sunnhordland. Innbyggjarane vil gjerne behalda ein tingrett dei kjenner seg att i. Aktørane i området er nøgde med ein domstol det er enkelt å samarbeida med. Ved å slå saman embete i større einingar, men oppretthalda funksjonar lokalt, kan ein både vera nært folk og utnytta ressursane meir effektivt.

Distriktsdomstolmodellen vil fungera godt for Hardanger og Sunnhordland, slik den til dømes har gjort for Sogn og Fjordane. Samanslåing mellom Hardanger og Sunnhordland tingrett er den beste modellen for organisering i desse regionane.

Kinsarvik/Stord 12.03.2019

Hardangerrådet

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Wenche Tislevoll/s
Styreleiar



Hardangerrådet iks



Domstoladministrasjonen
v/direktør Sven Marius Urke
postmottak@domstoladministrasjonen.no

Støtteuttale - til inngått intensjonsavtale mellom dei tilsette i Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett.

Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gje full støtte til den inngåtte intensjonsavtalen mellom dei tilsette i Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett.

Dei mål som er nemnde i avtalen gjev eit godt bilete av kva hovudargument som ligg til grunn for ønskje om å etablera ein ny felles tingrett for Hardanger og Sunnhordland.

Rettstryggleiken for innbyggjarane i Hardanger og Sunnhordland er heilt avgjerande for oss og vi meiner denne modellen ivaretek dei føresetnader som må liggja til grunn for å ivareta rettstryggleiken på ein forsvarleg måte.

Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil difor på nytt be om at Domstolkommisjonen ser på kva styrke ein slik samanslegen tingrett vil ha både for innbyggjarane og fagmiljøa omkring.

Kinsarvik/Stord 23.04.2019

Hardangerrådet

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Morten Storebø/s
Styreleiar



Møtedato 18.05.2020	Saksansvarleg Torgeir Næss
---------------------	----------------------------

HR-sak 12/20 Hardangerrådet frå 2021

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

22.01.2020 hadde rådsmøtet i Hardangerrådet IKS sak 05/20 oppe: Vidareføring av regionalt samarbeid i Hardanger - drøfting

Det vart gjort slikt vedtak:

Kvar medlemskommune drøftar internt korleis ein ser framtidig driftsmodell og innhald i eit framtidig Hardangerråd. Drøfting skal ta utgangspunkt i felles notat/PP-presentasjon som vert utarbeidd av dagleg leiar og rådsordførar. Drøfting i kommunestyra må vera før neste rådsmøte 19. mars.

Voss heradsstyre gjorde 07.05.20 i sak 49/20 fylgjande vedtak når det gjeld deltaking i Hardangerrådet frå 2021.

Voss heradsstyre ser at regionalt samarbeid kan skapa meirverdi ut over det Voss herad klarar å skapa på eiga hand. Som den største kommunen i indre delar av Vestland har Voss herad ei rolle ut over seg sjølv for å skapa vekst og utvikling i regionen. Voss herad skal ta ei leiande rolla og delta i regionale samarbeid der dei deltakande kommunane ser gjensidig nytte av samarbeidet.

Både Hardanger og Voss er namn som kling godt i den norske folkesjela. Voss herad er i ein unik posisjon med ein geografi som dekker begge desse nasjonalskattane. Eit sterkt samhald i Hardanger og Voss vil vera til gagn for alle kommunane i regionen.

Voss herad utfordrar Hardangerrådet til i møtet sitt 18. mai å starta avvikling av Hardangerrådet i si noverande form.

Det bør i same møtet startast utvikling av eit nytt regionsamarbeid for Hardanger og Voss. Det nye regionsamarbeidet skal ivareta Hardanger og Voss sin posisjon i Vestland fylke, og vidareutvikla indre midtre Vestland til ein sterk region.

Administrativ form og omfang må avklarast innan utgangen av 2020. Med denne framgangsmåten vil Voss herad vera med å utvikla nytt regionsamarbeid i vår region.

Alternativt til ovanfor framdrift melder Voss herad seg ut av Hardangerrådet.

Dei andre medlemskommunane, Eidfjord kommune, Kvam herad, Ullensvang kommune og Ulvik herad har i vedtaks form eller ved drøfting kome fram til å fortsetja med samarbeidet i si noverande form, innanfor Hardangerrådet IKS.

Rådsordførar ser at vedtak 49/20 i Voss heradsstyre ikkje kan sameinast med det dei andre kommunane har vedteke og gjeve uttrykk for.

Saksvurdering:

Fleirtalet av medlemskommunane i Hardangerrådet ynskjer å halda fram samarbeidet innanfor dagens organisasjon, Hardangerrådet IKS.

Dette inneber at Voss herad melder seg ut or rådet, jfr Voss heradsstyre sitt vedtak 49/20.

Utmeldinga må vera motteken av styret i Hardangerrådet IKS innan 30.06.2020, og vert då gjeldande frå 01.01.2021.

Når det gjeld framtidig driftsmodell og strategiplan, så er det etter rådsordførar si meining naturleg å gjera desse vurderingane og vedtaka i fyrste rådsmøte *etter* at Voss herad si utmelding er motteken.

Driftsmodell og strategiplan vil innebera vurderingar som nivå på administrativ ressursbruk, omfang og art av administrative oppgåver.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet IKS held fram i si noverande selskapsform.

Driftsmodell og strategiplan for komande år skal drøftast og utarbeidast i neste møte.